

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Eirik Bouwer Utne	FE - 033	16/399

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
13/2016	Ungdomsrådet	PS	18.02.2016

## Det årlege møtet for 2016 mellom Ungdomsrådet, ordførar og rådmann

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I *Retningslinjer for Ungdomsrådet i Meland kommune* er det i punkt 6.2 lagt opp til at *Ungdomsrådet skal ha møte med den politiske og administrative toppleiinga i kommunen minst ein gong kvart år.*

#### Vurdering

Ungdomsrådet har spurt ordførar og rådmann om å møte, og ønskjer å nytte høve til å spørje om aktuelle saker og å leggje fram sine synspunkt.

#### Konklusjon

Det årlege møtet etter punkt 6.2 vert gjennomført.

#### Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet tek orienteringar og svar til vitande.

### Ungdomsrådet - 13/2016

#### UR - behandling:

Ordførar orienterte kort om arbeidet med kommunestruktur, folkeavstemming, Midtmarka-planane, næringsutvikling, Nordhordlandspakka, psykisk helse, skuleutbygging, tannklinikk og vidaregåande skule.

Følgjande tema vart tatt opp av representantar i rådet:

#### -For lite ekstraundervisning i eigne grupperom

Svar: Ein ønskjer at dei fleste har undervisning i klassane, og at så få som mogleg må ut av klassen. Undervisningsloven legg opp til at undervisninga skal i hovudsak skje i klasserommet. Mindre grupper er oftast eit resultat av vedtak om spesialundervisning. Meland skil seg negativt ut på trivsel i 10.

klasse.

UR: det er mykje som skjer i 10. klasse, det vert fort svært tette band i ein liten kommune - noko som kan verke inn på trivsel.

**-Helsesøster er til stades for få dagar i veka. For få kjenner til tenesta som ein plass der du har nokon du kan snakke med**

Svar: Ein skal auke ressursen på dette, og det vert fleire dagar med helsesøster.

UR: Mange slit psykisk, ekstra viktig med fleire dagar. Har Knarvik vgs skulepsykolog?

Svar: Dei hadde tidlegare. Kommunestyret i Meland har bedt om utgreiing av spørsmålet om kommunepsykolog.

**-Tannklinikk - upraktisk for ungdom å ikkje ha det på Frekhaug**

Svar: Det pågår eit arbeid på dette, å ikkje ha tilbodet på Frekhaug er upraktisk spesielt for ungdom, barn, eldre, menneskje med særlege behov.

**-Busstilbod - Det er vanskeleg å komme seg heim for ungdom på kveldstid, dersom ein ikkje bur på Frekhaug**

Svar: Ein har dette i mente, og det er noko som og Ungdomens fylkesutval kan arbeide med.

**-Ungdomsklubb - kva skjer med det gamle meieriet?**

Svar: Banklokalet var eit midlertidig alternativ fram til eventuelt eit meieribbygg til kulturføremål kan vere klart. Lokalet over treningssenteret er eit anna alternativ for ein periode. Meieriet er aktuelt på sikt, og det pågår eit arbeid i administrasjonen på dette.

**-Skuleball i Meland Aktiv. Ein fekk ikkje lov å arrangere skuleball i Meland Aktiv i 2015**

Svar: Dette skal ein sjå på.

**-Meland ungdomsskule - valfag fransk**

Svar: tilbodet innan valfag er avhengig av kor mange som ønskjer det og tilgjengelege personalressursar.

**-Kommunestruktur og folkeavstemming**

UR: Vil tenester verte flytta?

Svar: Tenestene skal vere der folk bur - skule, bibliotek etc. Vi skal òg greie ut å stå aleine.

UR: Korleis kan ein få ungdom involvert - nettløysing, informasjon på skulane, inn i fagundervisning?

Svar: Ein bør ha allmøte på ungdomsskulane, og vurdere førehandsstemming ved skulane.

Undervisningsplanar er ofte fastlagt fram i tid.

**UR - vedtak:**

"Ungdomsrådet tek orienteringar og svar til vitande."